

Høyring i høve framlegg til endringar i fornybardirektivet, energieffektiviseringsdirektivet og bygningsenergidirektivet

Viser til høyringsskriv og til dokument frå EU-kommisjonen dagsett 18. mai 2022 ein der lenkar til.

Oppsummering

Dei føreslegne endringane knytt til «go to soner» og endra sakshandsamingstid vil:

- varig endra norsk areal- og naturforvaltning negativt.
- Varig endra prinsippet om likskap for lova ved at ein arealbruk (energiproduksjon) får ein snarveg forbi lovar og forskrifter alle andre må halda seg til.
- Varig endra norsk demokrati og medverknad knytt til arealsaker i høve energianlegg.

Uakseptabelt at:

- Høyringsdokumenta i ei sak som har så store følgjer for natur og folk i Noreg – IKKJE er oversett til norsk. Dette bryt med språklova, inkludering og universell utforming.
- Høyringsfristane er sett slik at norske kommunar og fylkeskommunar ikkje har høve til å handsama saka politisk.
- Norske kommunar ikkje står på høyringslista. Dei vert fråteken styringsrett på eit særskilt viktig område.

Vurdering:

I Noreg vert bruk og vern av areal styrt av plan- og bygningslova.

§ 1 -1 seier_

Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.

Byggesaksbehandling etter loven skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Det enkelte tiltak skal utføres forsvarlig.

Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives.»

Med dei endringar i høve sakshandsamingstid i høve konsesjonssøknader, vil prinsippa i føremålsparagrafen umogeleg kunne oppfyllest.

Direktivet vil opna for at lokaldemokratiet vert sett til side i arealsaker knytt til energi. Alt ver styrt frå Oslo og Bryssel.

Krav:

Utsett høyringa til dokumenta er på norsk,

Sei prinsipielt NEI til «go to areas».

I alle høve må kommunane sjølv få bestemma om dei vil ha slike soner.

Saka må på ny høyrng.”

Viser forøvrig til uttale frå Folk For Fjella og Anders Kjetland

Mvh

Arnold Matre

Matredal